


SunnLab AS gjennomfører vurderingar av samsvar i høve krav i NS-EN ISO 17025:2017 § 7.8.6.

SunnLab nyttar beslutningsregel simpel aksept/delt risiko dersom ikkje kunde, forskrifter eller normative dokumenter tilseier noko anna.

Risikonivået med beslutningsregel som feilaktig aksept eller feilaktig forkasting er forklart under. Det vert ikkje teke omsyn til målevisse i beslutningsregelen simpel aksept.

Beslutningsregel basert på simpel aksept/delt risiko

Tilfella C eller D blir vurdert som ikkje godkjent. Resultata blir markert raudt i rapport. Tilfella A eller B er vurdert som godkjent.



1. Målte verdier, med målevisse

Grunngjeving og forklaring

Beslutninga om å akseptere eller ikkje, er basert på målte verdier der den antatt sanne eksakte verdien ikkje er kjent. For tilfelle A og C kan dette vere feil beslutning. Dersom sann eksakt verdi på A er lågare enn målt verdi har ein gjeve feilaktig aksept. I tilfelle C, kunne resultatet vore godkjent, dersom sann korrekt verdi var lågare. For resultat B ser vi at heile resultatet \pm målevisse ligg innanfor akseptabel toleransegrense. For resultat D ligg heile resultat \pm målevisse utanfor toleransegrense.